

# AUSTRHEIM KOMMUNE

Plan bygg og oppmåling

Planid: 1264\_2016002

Saksnr.:

## Reguleringsføresegner

### Reguleringsplan for Fv 57

#### Parsell: Austrheim grense - Mongstadkrysset

## Reguleringsføresegner

Planforslag er datert: 21.10.2016

Dato for siste revisjon av føresegner: 21.10.2016

### § 1 Generelle føresegner

#### 1.1 Formål i planen

Formålet med planen er å leggje til rette for utbetring av Fv 57 Mongstadvegen og del av kommunal veg Keilevegen, samt etablering av gang- og sykkelveg langs nemnte vegar.

Planområdet er regulert til følgjande formål:

Bygningar og anlegg

(Pbl. § 12-5 nr. 1)

- Industri
- Forretning/industri
- Industri/lager
- Kontor/industri

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

(Pbl. § 12-5 nr. 2)

- Køyreveg
- Fortau
- Gang- og sykkelveg
- Annan veggrunn – grøntareal
- Haldeplass

Grøntstruktur (Pbl. §12-5 nr. 3)

- Friområde
- Vegetasjonsskjerm

Landbruks-, natur- og friluftsområde

(Pbl. § 12-5 nr. 5)

- LNFR- areal

Omsynssoner (Pbl. §12-6 jf. 11-8 a-d):

Sikringssoner (Pbl. § 11-8a)

- Frisikt (H140)

Faresoner (Pbl. § 11-8a)

- Høgspenningsanlegg (H370)

Føresegner i reguleringsplanen (Pbl. § 12-7 nr. 1)

- Anlegg- og riggområde

## 1.2 Planen si avgrensing

Reguleringsføresegnene gjeld for området vist med reguleringsgrense på plankart datert 21.10.2016.

## 1.3 Rekkefølgje

- 1.3.1 Før utbygging av veganlegget skal det utarbeidast ein byggeplan ihht. Statens vegvesen sine handbøker og retningsliner. Det skal også utarbeidast ein plan for ytre miljø som skal sikre at alle relevante miljøkrav vert ivareteke i anleggs- og driftsfasen. Plan for ytre miljø skal føreligge saman med byggeplanen. I byggeplanen skal kartlegging av bygg og installasjonar som kan bli påført skade som følgje av anleggsarbeidet inngå, samt evt. avbøtande tiltak.
- 1.3.2 Rekkefølgjekrav er oppfylt for det aktuelle tiltaket dersom tiltaket er opparbeidd eller er «sikra opparbeidd», gjennom at utbyggar/ grunneigar enten har inngått forpliktande utbyggingsavtale eller annan avtale med Austrheim kommune og/eller forpliktande avtale med Statens Vegvesen/ Hordaland fylkeskommune om gjennomføring av tiltaket.
- 1.3.3 Ved legging av steinmasser frå vegarbeid på Næringsområde BKB2 og BKB4 i planområdet, må alle torv-, myr- og ikkje beredyktige lausmassar fjernast der næringsareala vert permanent planert. Kotehøgder for dei planerte areala, må vera sikra gjennom avtalar med grunneigarar.
- 1.3.4 All massehandtering skal i størst mogeleg grad skje innanfor planområdet.
- 1.3.5 Før tiltaket kan få bruksløyve/ferdigattest, må planeringsområde for torv- og jordmassar i område regulert til landbruksføresmål vera tilrettelagt eller sikra opparbeidd som landbruksareal
- 1.3.6 Landbruksareal som i anleggsperioden vert nytta til anleggsformål skal setjast i stand etterpå med utgangspunkt i markslagskarta for dei aktuelle landbruksareala. Landbruksareala som vert råka skal tilbakeførast til minimum opphavleg stand i samråd med grunneigar. Omsynet til landbruksdrifta skal ivaretakast i anleggsfasen. Gjerder og/eller grunder/ferister må haldast og setjast opp der dette er naudsynt for landbruksdrifta i anleggstida. Jord frå jordbruksareal (fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite) som vert utbygd skal sikrast vidare bruk, primært til jordbruksføresmål.
- 1.3.7 Avkjørsler som i planen som er vist som stengt, skal ikkje stengast før det er etablert alternativ tilkomst til eigedomane det gjeld.

## § 2 Bygningar og anlegg (Pbl. 12-5 nr.1)

### 2.1 Industri

**Felt BI1:** Planen regulerer mellombels rigg- og anleggsområde med tilhøyrande føresegner framfor vedteken reguleringsplan. Forutan mellombels rigg- og anleggsområde med tilhøyrande føresegner er plan for «*Mongstadkryssset senter, vestre del, planid: 1264\_2009003*» med plankart og føresegner gjeldande.

**Felt BI2:** Planen regulerer mellombels rigg- og anleggsområde med tilhøyrande føresegner framfor vedteken kommunedelplan. Forutan mellombels rigg- og anleggsområde med tilhøyrande føresegner er plan for «*Kommunedelplan for Leirvåg, Litlås, Kaland og Fønnes 2009-2017, planid: 1264\_2008003*» med plankart og føresegner gjeldande.

## **2.2 Forretning / industri**

**Felt BKB1:** Planen regulerer mellombels rigg- og anleggsområde med tilhørende føresegner framfor vedteken kommunedelplan. Forutan mellombels rigg- og anleggsområde med tilhørende føresegner er plan for «*Kommunedelplan for Leirvåg, Litlås, Kaland og Fønnes 2009-2017, planid: 1264\_2008003*» med plankart og føresegner gjeldande.

## **2.3 Industri / lager**

**Felt BKB2:** Planen regulerer mellombels rigg- og anleggsområde med tilhørende føresegner framfor vedteken reguleringsplan. Forutan mellombels rigg- og anleggsområde med tilhørende føresegner er «*Mongstadkrysset senter, planid: 1264\_2009003*» med plankart og føresegner gjeldande.

## **2.4 Kontor / industri**

**Felt BKB3 og BKB4:** Planen regulerer mellombels rigg- og anleggsområde med tilhørende føresegner framfor vedteken kommunedelplan. Forutan mellombels rigg- og anleggsområde med tilhørende føresegner er plan for «*Kommunedelplan for Leirvåg, Litlås, Kaland og Fønnes 2009-2017, planid: 1264\_2008003*» med plankart og føresegner gjeldande.

**Felt BKB5:** Planen regulerer faresone for høgspantanlegg (H370) og mellombels rigg- og anleggsområde med tilhørende føresegner framfor vedteken kommunedelplan og reguleringsplan. Forutan faresone og mellombels rigg- og anleggsområde med tilhørende føresegner er plan for «*Kommunedelplan for Leirvåg, Litlås, Kaland og Fønnes 2009-2017, planid: 1264\_2008003*» og «*Mongstadporten, planid: 1264\_2014003*» med plankart og føresegner gjeldande.

## **§ 3 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (Pbl. §12-5 nr. 2)**

### **3.1 Eigarform**

Formål merka o\_SKV og med tilhørende gang- og sykkelveg, fortau og annan veggrunn –grøntareal skal vere offentlege.

### **3.2 Tilpassing av grenser for arealformål**

Innanfor arealformål regulert til samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur er det høve til å justere grenser og endre grenser for desse formåla for gjennomføring av veganlegget i ulike byggetrinn og for tilpassing mellom eksisterande og ny veg.

### **3.3 Offentleg veg/fortau/gang- og sykkelveg**

Ein skal i veganlegget nytte gråsteinsmurar der det er funksjonelt for å få ein estetisk fin veg som er optimalt landskapstilpassa.

Det er på gang- og sykkelveg i Litlåsvegen tilgang til å kjøre med landbruksmaskiner for drift av landbruksareal.

### **3.4 Annan veggrunn – grønntareal**

Annan veggrunn grønntareal skal nyttast til skjeringar, fyllingar, rekkverk, murar og grøfter m.m. Det kan innanfor arealet plasserast veglys, nettstasjonar, rekkverk, og annan infrastruktur som er ein naturleg del av veganlegget, samt førast fram annan infrastruktur i røyr/kabel. Mindre avvik i skråningsutslag innanfor ”annan veggrunn grønntareal” og tilstøytande reguleringsformål, kan førekome som følgje av uføresette forhold. Dette medfører at endeleg grense mellom ”annan veggrunn grønntareal” og tilstøytande areal kan avvike noko frå det som ligg i plankartet.

## **§ 4 Grøntstruktur (Pbl. §12-5 nr. 3)**

### **4.1 Friområde**

Planen regulerer mellombels rigg- og anleggsområde med tilhørende føresegner framfor vedteken kommunedelplan. Forutan mellombels rigg- og anleggsområde med tilhørende føresegner er «Kommunedelplan for Leirvåg, Litlås, Kaland og Fønnes 2009-2017, planid: 1264\_2008003» med plankart og føresegner gjeldande.

### **4.2 Vegetasjonsskjerm**

Planen regulerer mellombels rigg- og anleggsområde med tilhørende føresegner framfor vedtekte reguleringsplanar. Forutan mellombels rigg- og anleggsområde med tilhørende føresegner er «reguleringsplan næringsområde N04 – Mongstadkrysset, planid: 1264\_2003002 og reguleringsplan Mongstadkrysset senter, vestre del, planid: 1264\_2009003» med plankart og føresegner gjeldande.

## **§ 5 Landbruks- natur- og friluftsområde (Pbl. §12-5 nr. 5)**

### **5.1 LNFR- areal**

Planen regulerer mellombels rigg- og anleggsområde med tilhørende føresegner framfor vedteken kommunedelplan. Forutan mellombels rigg- og anleggsområde med tilhørende føresegner er «Kommunedelplan for Leirvåg, Litlås, Kaland og Fønnes 2009-2017, planid: 1264\_2008003» med plankart og føresegner gjeldande.

## **§ 7 Omsynssoner (Pbl § 12-6 og 11-8 a-d)**

### **7.1 Sikringssoner (Pbl. § 11-8 a)**

#### **7.1.1 Frisikt (H140)**

Frisiktsoner (H140) er angitt på plankartet. I frisiktsonene skal det til ei kvar tid vere fri sikt 0,5 m over tilstøytande vegar sitt plan. I frisiktsonene er det forbod mot fyllingar, bygningsmessige arbeid og planting o.a. som er til hinder for frisikt i ei høgd av 0,5 m over vegplanet.

#### **7.1.2 Faresone Høgspenningsanlegg (H370)**

Det er avsett fareområde for eksisterande og planlagde kraftliner. Det er innanfor sona ikkje tillat å oppføre bygg eller konstruksjonar som kjem i konflikt med høgspennettet utan at dette er avklara med netteigar.

## **§ 8 Føresegner i reguleringsplan (områdeføresegn) (Pbl. § 12-7)**

### **8.1 Mellombels rigg- og anleggsområde (#1, #2, #3, #4, #5, #6, #7, #8, #9, #10 og #11)**

- Mellombels rigg- og anleggsområde er regulert til andre formål, men i gjennomføringsfasen for anlegget kan områda nyttast til rigg og anlegg. Når anleggsarbeidet er fullført skal område nytta til rigg- og anleggsområde setjast i stand i høve til plankart og føresegner.

### **8.2 Opparbeiding/tilbakeføring av mellombels rigg- og anleggsområde**

- Landbruksareal som i anleggsperioden vert nytta til anleggsformål skal setjast i stand etterpå med utgangspunkt i markslagskarta for dei aktuelle landbruksareala. Gjerder og/eller grunder/ferister må haldast og setjast opp der dette er naudsynt for landbruksdrifta i anleggsperioden.